
Saksnr: 2021/19733-2
Saksbehandlar Thorbjørn Aarethun
Dato: 04.06.2021

Til: Fylkesutvalet og fylkestinget

Frå: Fylkesrådmannen

Møteplan for folkevalde organ 2022 - tillegg til politisk sak med ny tilråding

Bakgrunn

PS 137/2021 om møteplan for folkevalde organ i 2022, vart lagt fram for handsaming på møte i fylkesutvalet, 2.juni 2021. Saka vart vedteke utsett til neste møte i fylkesutvalet. Det kom fram følgjande merknader under handsaminga av saka i fylkesutvalet;

- Unngå møter i haustferieveke 41
- Fleire fysiske møter enn digitale møter
- Fylkestinget i juni vil komme i konflikt med skuleavslutningar
- Oppretthalde 3-vekers frekvens på møter i fylkesutvalet

Fylkesrådmannen si vurdering

Fylkesrådmannen ser det som uproblematisk å flytte møter i hovedutvala i veke 41 fram til veke 40. For å unngå konflikt med skuleavslutningar vil fylkesrådmannen og tilrå at fylkestinget 15./16.juni vert flytta til 21./22.juni, med møte i fylkesutvalet 21.juni rett i forkant.

Fylkesrådmannen har sett på den samla saksmengda, og funne grunnlag for å redusere møter i fylkesutvalet frå 14 møter med 3-vekers frekvens til 12 møter i året. Dersom det er aktuelt med fleire møter kan fylkesutvalet fastsette dette som ekstramøter etter behov i løpet av året. Nivået på digitale møter er sett opp for å synleggjere ei eventuell innsparing i kostnader knytt til den samla møteaktiviteten. Dei folkevalde organa kan sjølvstilt til ei kvar tid gjennomføre fysiske møter i staden for digitale møter.

Fylkesrådmannen er etter handsaminga av møteplanen 2022 i fylkesutvalet, 2.juni, gjort merksam på behov for møter i hovedutval for næring og hovedutval for kultur, idrett og integrering i slutten av juni før sommarferien. Dette for å kunne vedta tildeling av utlyste midlar med søknadsfrist i april/mai. Med dette er møter i to av hovedutvala auka frå 10 til 11 i møteplanen.

Til slutt viser fylkesrådmannen til budsjettprosessen våren 2022, og foreslår å endre opprinneleg forslag om møte 19.mai i hovedutval for opplæring og kompetanse og hovedutval for næring, til 24.mai, slik som dei to andre hovedutvala. Dette for å få tid nok til å innarbeide kommuneøkonomiprp. i budsjettsak til hovedutvala i mai.

Med grunnlag i dette foreslår fylkesrådmannen justert møteplan for folkevalde organ i 2022:

møte folkevald organ	D er digitalt *ikkje											
	Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug	Sept	Okt	Nov	Des
Fylkestinget			16/17			21/22			28/29			14/15
Fylkesutvalet	18 (D)	08 (D)	08/09	05/06	03 (D)	01/02 21			06 (D) 20 (D)	18/19	08/09 29 (D)	
Finansutvalet			08			01			20 (D)	18	08	
HU SAMO	12 (D)	16	22 (D)	26	24 (D)			31 (D)	14	05 (D) 26	16	
HU KULII	13 (D)	16	23 (D)	28	24 (D)	23 (D)		30 (D)	14	05 (D) 26	17	
HU OPPKO	12 (D)	16	22 (D)	27	24 (D)			26 (D)	14	06 (D) 26	16	
HU NÆRIN	13 (D)	16	24 (D)	26	24 (D)	23 (D)		31 (D)	14	06 (D) 26	17	
Adm.utvalet	25 (D)			20					07 (D)		24	
Politikardag*		15							13	25		

Konklusjon

Fylkesrådmannen foreslår at fylkesutvalet vedtek følgjande ny innstilling i saka om møteplan for folkevalde organ i 2022;

1. Fylkestinget viser til saksframstillinga og vedtek justert møteplan 2022 for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune som ligg i tilleggesnotatet til saka.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge fram ein samla møteplan for alle folkevalde organ i Vestland fylkeskommune på fylkestinget 29.september.